
Fra: Hellesøe, Hege Brekke <fmhohbh@fylkesmannen.no>
Sendt: torsdag 15. august 2019 15:46
Til: Hans Kristian Dolmen; Kristin Schübeler Nielsen; Kaia Marie Amland; Postmottak Lindås; Hauge, Egil
Kopi: FMVL Postmottak
Emne: Dialogpunkt Bruvoll, Lonane og Osteridet

Hei!

Vi viser til offentlig ettersyn av områderegulering for Lonena, Områderegulering for Osteridet og reguleringsplan for Bruvoll bustad. Statens vegvesen har varslet motsegn til alle planen og det er avtalt eit dialogmøte med kommunen 20.08.2019 på Statens hus.

I tillegg til motsegnspunkta til statens vegvesen har Fylkesmannen følgjande aktuelle dialogpunkt:

Reguleringsplan Bruvoll:

- Støy: Planen manglar omsynssone støy og føresegna må knytast opp til at uteopphaldsareal må få lavare støy en $L_{den}-55dB$ i samsvar med støyretningslinjene
- Er 27 bustader for mye her?
- Universell utforming – Føresegn 1.4,1 må verte meir konkret.

Områdeplan for Lonena:

- Naturmangfald – godt nok utgreidd og sikra godt nok i føresegn?
- Konflikta mellom menneske og fuglar, spesielt med tanke på støy.
- Bør utnyttingsgraden aukast?
- Er rekkefølgekav til delområdene vurdert?
- Universell utforming av bustader. Vi kan ikkje sjå at det er tatt inn i føresegna at nokon bustader skal vere universelt utforma.
- Er støy avklart?

Områdeplan for Osteridet:

- Det er mange områder som manglar plankrav, utan at områdeplanen ser ut til å vere detaljert nok til å byggast rett frå. Det er til dels vanskeleg å sjå verknaden av planen.
- Støy – det er trafikkstøy på fleire områder utan plankrav. Planen må løyse støyspørsmålet med konkrete føresegn basert på ein støyrapport eller stille plankrav til området.
- Universell utforming – Vi saknar ei føresegn om at nokon av bustadene skal vere universelt utforma.

Med venleg helsing

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 55 57 23 52

E-post: fmhohbh@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/vl